

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.03.2024

## Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk IKS

Tid:	Måndag 18.03.2024
Møtestad:	Administrasjon Eidsmona
Til stades:	Sven Flo, Espen Sortevik, Jan Henrik Nygård og Gunnvor Sunde
Forfall:	Siri Sandvik
Varamedlem:	Jan Vidar Smenes
Administrasjon:	Inge Bent Arnestad Frode Denk

### 07/24 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si  
**TILRÅDING**  
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret sitt  
**VEDTAK**  
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt med merknad.

### SAK 08/24 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si  
**TILRÅDING**  
Møtebok frå førre styremøte 05.02.24 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt  
**VEDTAK**  
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 18.03.2024

## SAK 09 /24 ÅRSREKNESKAP 2023

Det vert vist til styret si årsmelding og årsrekneskap med notar for 2023.

Rekneskapen for 2023 er gjort opp med eit driftsoverskot på kr. 2.653.549,- mot budsjett på kr. 433.437,-. Resultat etter finans/skatt er kr. 1.895.477,- mot budsjett på kr. 17.638,-.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultat. Styret kjenner ikkje til at det frå rekneskapen si avslutning og fram til dags dato har oppstått noko som endrar selskapets stilling.

Styret foreslår at den framlagde rekneskapen vert fastsett som årsrekneskap for selskapet. Rekneskapen er avslutta under føresetnad av framleis drift i selskapet.

- Vedlegg Årsrapport for 2023 frå styret

Administrerande direktør si

### TILRÅDING

Styret tilrår at den framlagte rekneskapen datert 31.12.2023 / 18.03.2024 vert fastsett som selskapet sitt rekneskap for driftsåret 2023.

Styret si

### INNSTILLING

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

## SAK 10/24 ÅRSMELDING 2023

Det vert vist til styret si årsmelding og årsrekneskap med notar for 2023.

- Vedlegg Årsrapport for 2023 frå styret

Administrerande direktør si

### TILRÅDING

Årsmelding datert 31.12.2023 / 18.03.2024 vert godkjent som styret si årsmelding for driftsåret 2023.

Styret sitt

### VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.03.2024

## SAK 11/24 OPPRETNING AV NY STILLING SOM ØKONOMILEIAR

### Saksutgreiing:

NoMil har dei siste åra hatt ein kraftig vekst både i omsetning, investeringar og tilsette. Ved utgangen av 2023 hadde NoMil 42 fast tilsette, 25 lastebilar og tyngre maskiner og ei omsetning som nærare seg 100 mill. kroner.

Utover ordinært rekneskapsarbeid, vil utarbeiding av årsbudsjett og økonomiplanar, gjennomgang av rekneskap både internt, mot styre og revisor vere avgjerande for å sikre ei god økonomiforvaltning og sikre tilstrekkeleg oversikt over kostnadsbiletet i selskapet.

Vidare er det behov for å styrke innkjøpskompetansen og oppfølging av leverandørar og samarbeidspartar. Økonomileiar vil i tillegg kunne ta del i utarbeiding av kravspesifikasjonar, kalkylar og planlegging / gjennomføring av prosjekt.

Ovannemnte oppgåver har fram til no vore delt mellom dagleg leiar og økonomikonsulent. Administrasjonen har vurdert at eksisterande kapasitet må styrkjast for å sikre oppfølging av lovpålagde krav iht. lover og reglar, og gode forvaltning av verksemda sine avtalar og eigendelar.

Administrasjonen vurderer, ut frå verksemda sin økonomiske situasjon, framlegg til årsresultat for 2023 og kostnadsbilete knytt til nye kontraktar å ha budsjettdekning for ei nyoppretta stilling kostnadsrekna til i overkant av 1,0 mill. inkl. sosiale kostnader.

*Vedlegg: Utkast til stillingsannonse*

Administrerende direktør si

### TILRÅDING

Styret vedtek å opprette ny stilling som økonomileiar i Nordfjord Miljøverk IKS.

Administrerende direktør får fullmakt til å tilsetje ny ressurs.

Styret sitt

### VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 18.03.2024

## SAK 12/24 UTGREIING NY STRUKTUR GJENBRUKSSTASJONAR

### BAKGRUNN

#### Sak 06/24 Orientering- og drøftingsaker

#### Utgreiing ny struktur gjenbruksstasjon for ytre Nordfjord:

Etter drøftingar ynskjer styret at NoMil orienterer formannskapet om bakgrunn for utgreiinga og moglege framdriftsplan. Det er viktig å vere tydelege på investerings-behov og gebyrauke, vurdert opp mot framtidige krav til utsortering/ material-gjenvinning, kapasitet, opningstider, tryggleik og arbeidsforhold. Administrasjonen vurderer behov og kostnader for kjøp av tenester til komande styremøte.

### SAKSUTGREIING

NoMil har dei siste åra vore i dialog med Stad kommune om ny gjenbruksstasjon i Selje, og med Kinn kommune om oppgradering av gjenbruksstasjonen i Vedvik. På Haugen gjenbruksstasjon har NoMil kontrakt med MyRø Invest AS på leige av areal og bemanning gjeldande ut 2028. Denne stasjonen har avgrensa areal til oppstilling av fleire containerar og utfordringar knytt trafikkavvikling i høgsesongane. NoMil møtte formannskapet i Stad kommune torsdag 29. februar 2024. Formannskapet ynskjer ei grundig og brei utgreiing på ulike alternativ med omsyn til servicegrad for abonnentane, kostnadsbilete og miljøkonsekvensar. NoMil er vidare invitert til møte med kommunestyret i Kinn kommune 9. april 2024, der dei mellom anna ynskjer å få ei orientering om gjenbruksstasjonen i Vedvik. Før utgreiingsarbeidet kan starte, må det avklarast om Kinn kommune ynskjer å ruste opp eksisterande stasjon eller vente til resultatet av utgreiing ligg føre.

### MANDAT

Før prosjektet vert starta opp, må kostnadsrammer og omfang avklarast. Dette skjer ved at styret gjev administrasjonen i oppdrag å legge fram ein prosjektplan for utgreiing av framtidig struktur for gjenbruksstasjonsdrifta i Ytre Nordfjord. Oppstart kan tidlegast skje etter at Kinn kommunen har teke stilling til evt. opprusting av gjenbruksstasjonen i Vedvik. Prosjektplanen skal innehalde framdriftsplan, organisering, ressursbehov og kostnadsoverslag knytt til kjøp av tenester.

Administrerande direktør si

### TILRÅDING

Styret gjev administrasjonen i oppdrag å legge fram ein prosjektplan for utgreiing av framtidig struktur for gjenbruksstasjonsdrifta i Ytre Nordfjord i tråd med saksutgreiing.

Styret sitt

### VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.


Sign. :	
---------	--

Organ: <b>STYRET</b>	Arkivkode:	Saks nr.: <b>Hovudutskrift</b>
Møtestad: <b>Sandane</b>	Kode:	Sakshandsamar: <b>IBA</b>
		Dato: <b>18.03.2024</b>

## SAK 11/24 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

### Status frávær og personale

Samla sjukefráværet i 2023 var 5,08 %. Fráværet i januar-februar 2024 vart 2,94% med slik fordeling:



Samla frávær og type frávær i fyrste termin 2023 har samanlikna med 2024 gått ned med vel 2%.

Langtidsfráværet har samanlikna med 6. termin 2023 auka frå 72% til 88% av det samla fráværet.

Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefrávær i perioden.

Vedlegg 1) Fráværstatistikk pr 29/2-24

### Status drift

Høgt langtidsfrávær fører til auka belastning både på driftspersonell og administrative ressursar. Lågare avfallsvolum på vinterstid gjer at drifta på hovudmottaket går rimeleg normalt.

Oppgåver knytt til utarbeiding og årsrapportering av offentleg avfallsstatistikk, KOSTRA rapportering, samt utarbeiding av årsrekneskap og årsmeldingar har vore særskild krevjande då over 80% av dei 1,6 årsverka med ansvar for desse oppgåvene er langtidsjukmeldt.

Ein person er engasjert på timebasis for å hjelpe til med utarbeiding av grunnlag til rapportar/avfallsstatistikk.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 18.03.2024

## Anbod restavfall og rammeavtale avfallsbeholdarar

NoMil har no lyst ut på nytt anbod med tilbudsfrist 5. februar 2024 på behandling og transport av restavfall for 2024-2025 med opsjon på inntil 2 år.

*I samband med orienteringa vart det orientert om 3 mottekne tilbod, evaluering, kontraktsinngåing med Norsk Råvare AS og etterfølgjande klage på tildeling.*

NoMil og Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS har no lyst ut eit felles anbod på rammeavtale på innkjøp av avfallsbeholdarar gjeldande i 4 fire år.

*I samband med orienteringa vart det orientert om 3 mottekne tilbod. Mål om kontraktsinngåing fyrste halvdel av april.*

## VLFK Prosjekt «Grøn region vestland» - Biohub Gloppen

NoMil sitt eigarskap og engasjement i prosjektet Grøn Region Vestland har vore viktig for å finne løysingar som gjer at vi kan nå målsetjingar vedteke i vår strategiplan om kortreist og miljøvenleg avfallshandtering.

Eigarskap og prosjektleiing krev mykje av administrative ressursar, noko som den siste tida har vore krevjande grunna høgt sjukefråvær.

Administrasjonen ser no på alternativ eigarskap/organisering for det vidare arbeidet.

*Etter drøfting i styret ynskte ein orientering frå prosjektleiar frå Gloppenutvikling AS om arbeidet med rapport til VLFK på nest styremøte. Rapporten skal sendast til styret før neste møte.*

## Nedgravne løysingar

Som orientert om i styresak 06/24 sette budsjettsituasjonen ved inngang til 2024 økonomiske grenser for nye tiltak for mellom anna innføring av mat/plastordning for hytte- og fritidsabonnentar, etablering av nye digitale løysingar og etablere av nedgravne løysingar.

Anbod på restavfall har vore positiv i forhold til budsjett, og det økonomiske handlingsrommet har bedra seg.

Administrasjonen ynskjer no å vidareføre arbeidet med nedgravne løysingar til større burettslag og områder med fortetta busetnad. Dette grunna fleire førespurnader frå utbyggjarar i Florø-området som no ynskjer denne type ordningar.

NoMil har no vore i kontakt med både SIMAS og Sunnfjord Miljøverk med omsyn til deira erfaringar, og mogeleg samarbeid om anbod/utstyr, drift og vedlikehald.

*Etter drøfting støttar styret framlegg frå administrasjonen om å starte arbeidet med å legge til rette for å tilby nedgravne avfallsløysingar.*

*Grunna førespurnader frå fleire utbyggjarar av nye store burettslag i Florø-regionen, vert arbeidet starta opp i samarbeid med Kinn kommune.*

*NoMil har vore i dialog med både SUM og SIMAS om deira erfaring og mogeleg samarbeid, og vurderer i tillegg å leige inn ekstern kompetanse etter behov.*

Sign. :	
---------	--

Organ: <b>STYRET</b>	Arkivkode:	Saks nr.: <b>Hovudutskrift</b>
Møtestad: <b>Sandane</b>	Kode:	Sakshandsamar: <b>IBA</b>
		Dato: <b>18.03.2024</b>

### Kinn kommune – avfallsløysing ny institusjon

NoMil deltok i prosjektmøte om renovasjonsløysing i ny stor institusjon i Florø sentrum saman med kommune og konsulent. Kommunen ser mellom anna på nye løysingar med sugebil for henting av avfallet.

### Kinn kommune – møte med kommunestyre

NoMil er invitert til kommunestyremøte 9. april. Bakgrunnen for møtet er mellom anna å få informasjon om planar for Vedvik gjenbruksstasjon, og kritikk med kvalitet og kostnadsnivå på renovasjonstenestene særskild i Florø-regionen.

Styret og administrasjonen drøftar om det kan vere behov for ei ekstern evaluering eller endringar av gjeldande ordningar jf. e-post til styret 26. februar 2024.

### Innsamling av tekstil

EØS-avtala medfører at Norge skal innføre utsortering av tekstilavfall frå 1.1.2025. Miljødirektoratet har utarbeidd eit forslag til forskrift som gjeld hente- eller leveringsordning av tekstilavfall.

Pr. dato er det ingen som har mottak for gjenvinning av tekstil.

Vedlegg informasjon om status og rapport om ordninga til orientering.

Vedlegg: *Samfunnsbedriftene: Tekstiler og kommunene – hva er status?  
NF&TA: Hvordan blir framtidens tekstilinsamling?*

Administrerende direktør si

### TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

### VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--